

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 28.09.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Randi Solheim  
**SAKA GJELD:** **Risikostyring av styringsmål 2017 - rapportering 2. tertial**

**ARKIVSAK:** 2016/4774  
**STYRESAK:** **075/2017**

**STYREMØTE:** **27.10.2017**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek saka om risikostyring av styringsmål for andre tertial 2017 i Helse Førde til vitande.

## Oppsummering

Saka gjeld andre tertialrapportering av gjeldande styringsmål for helseføretaket. Helse Førde HF vedtok 28.april fem styringsmål med delmål for 2017, jf. styresak 028/2017.

Styringsmål 1: Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018.

Styringsmål 2: Uønskt variasjon og ventetider for diagnostikk og klinisk praksis skal reduserast.

Styringsmål 3: HMS er ein sjølvsgatt del av arbeidsdagen

Styringsmål 4: Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk.

Styringsmål 5: Helse Førde utviklar «pasientens helseteneste» med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskapelege pasientforløp.

Fyrste tertialrapportering vart gjort i styresak av 30. juni 2017.

Andre tertialrapporteringa gjev status for nosituasjon, framdrift i høve tiltak og vurdering av risiko knytt til gjennomføring og måloppnåing.

## Fakta

Risikostyring av styringsmåla for andre tertial viser ei rett og grei utvikling som følgje av det fokuset Helse Førde har hatt på gjennomføring av tiltak knytt til styringsmål med høgast risiko. For å oppnå dei definerte kvalitetsmåla vil helseføretaket halde fram arbeidet med forbetringstiltak i risikostyring av verksemda. Styringsmåla vert rapportert i årleg melding ved årsskiftet 2017/2018.

## Konklusjon

Andre tertialrapportering for risikostyring av Helse Førde sine risikostyringsmål 2017 vert teken til vitande av styret i helseføretaket.

## Vedlegg

Tabell risikostyring andre tertial